

Styremøte i Hordaland Folkemusikklag måndag 25.05

1. Nettmøte med Vestland fylkeskommune 27.mai

Fylkesdirektøren for kultur i Vestland fylke har teke initiativ til eit møte for å orientere om arbeidet med å evaluere fylkesmusikar- og distriktsmusikarordningane i Vestland, der dei òg ynskjer innspel frå fagmiljøa. Folkemusikklaga i Hordaland og Sogn og Fjordane, hardingfela.no, Vestland musikkråd, Ole Bull-akademiet, Førdefestivalen, Opera Nordfjord, Griegakademiet, Norsk kulturskuleråd Vestland og dei noverande vertskommunane for distriktsmusikarordninga er invitert. Utgreiingsarbeidet skal resultere i ei tilråding til Hovudutval for kultur, idrett og integrering i oktober 2020.

HFL-styret meiner dette er ein viktig og interessant prosess å vere med på, og deltek på møtet.

2. Innkomne søknader

Følgjande søknader vart handsama:

Søknadsnr.	Tittel	Søkjar	Omsøkt	Løyvd
2020/06	Danse sa fela, framsyning og workshop	BUL Ervingen	5 000	0*
2020/07	Kurs i teledans	BUL Ervingen	5 000	0
2020/08	Hordakappleiken	Kvemmingen spel og dansarlag	5 000	5 000
2020/09	Framsyningsprosjekt «Ervingen»	BUL Ervingen	10 000	10 000

* Usikre på om arrangementet vart gjennomført. Kan handsamast på nytt dersom det vart gjennomført.

Vi tek kontakt med søkjarar til arrangement i 2018 og 2019, der vi manglar rapport. Dersom arrangementa ikkje vart gjennomførte og innrapportert, vert dei løyvde midlane tilbakeført som frie midlar, og lagt til på årets budsjett for løyvingar.

3. Vestlandskappleiken 2020

Situasjonen vi har no, gjer at det er stor usikkerheit kring avvikling av større arrangement både på kort og lengre sikt. Med dei strenge avgrensingane som er på sosialt samvære og nærkontakt, vil det ikkje vere råd å avvikle Vestlandskappleiken på vanleg måte. Det er til dømes vanskeleg sjå føre seg ein kappleik utan dans og jam. Sjølv om situasjonen kan endre seg mykje fram til hausten, vil det òg vere utfordrande å stå som tilskipar av eit slikt arrangement.

I staden for å arrangere ein «blodfattig» versjon av Vestlandskappleiken no i haust, ynskjer vi å utsetje kappleiken til 2021. Dersom Sogn og Fjordane Folkemusikklag er einige i avgjerda, gjer vi ei forskyving slik at neste kappleik i «nordfylket» vert i 2022. I mellomtida leikar vi med ideen om å lage til ei digital mønstring til hausten.

4. Arbeidsgruppe rekruttering Vestland

Som del av samarbeidsprosjektet mellom HFL og Sogn og Fjordane Folkemusikklag, er det søkt om ekstramidlar for 2021 til eit rekrutteringsprosjekt. Eit prioritert arbeid for gruppa vil vere å «få liv i» Mo-kurset. Arngunn Timenes Bell vil representera HFL, frå SFFL vert styremedlem Mette Carlsen med. Dagleg leiar Liv Ulvik vil vere «motor og arbeidsleiar» i arbeidet.